



FISKERIDIREKTORATET  
HOVEDBIBLIOTEKET


28 SEPT. 1987

# FISKERIRETTLEIAREN I BREMANGER OG FLORA

ARSMELDING

1986

BREMANGER OG FLORA KOMMUNER



FISKERIRETTLEIAREN  
I BREMANGER OG FLORA

ARSMELDING  
1986

1. Fiskerirettleiaren har primært Bremanger og Flora kommuner som tenestekommuner, men etter at Flora kommune vart pålagt felles fiskerinemnd med Naustdal og Førde har også fiskerirettleiaren fått utvida tenesteområde. Bremanger er kontorkommunen, men fiskerirettleiaren har fast kontordag i Flora kvar onsdag.

Kontoret i Bremanger er plassert i Sparebanken Flora-Bremanger sitt bygg på Hauge. I Florø har kontoret plass i Vestlandsbanken sitt bygg.

1.2 Personalet

Ved fiskerikontoret er det berre ein tilsett:

- Fiskerirettleiar Jon Frøyen .

1.3 FISKERINEMNDA I BREMANGER.

I møte i kommunestyret i Bremanger den 19. januar 1984 vart det foreteke fylgjande val til fiskerinemnd for perioden 1984-87:

Knut Førde, Bremanger - formann  
Varamann John Bratseth, Bremanger.

Oskar Moe, Bremanger.  
Varamann Per Inge Igland, Bremanger.

Erling Førde, Bremanger.  
Varamann Ståle Gulestøl, Kalvåg.

Peder Bakke, Bremanger.  
Varamann Kjellaug Igland, Bremanger.

Audun Strømmen, Rugsund.  
Varamann Sverre Leirgulen, Leirgulen.

1.4 FISKERINEMNDA I FLORA.

Fiskeridirektoratet har bestemt at det skal vere felles fiskerinemnd for kommunane Flora, Førde og Naustdal. Nemnda har 7 medlemmer, som er fordelt med 1 frå Førde, 1 frå Naustdal og 5 frå Flora.

For perioden 1984 - 1987 er fylgjande valde:

Johan O. Nekkøy, Nekkøy, Florø - leiar.  
Varamedl. Svanhild Hamre.

Erling Grytten, Stavang.  
Varamedl. Odd Røksten.

Liv Espesøth, Tansøy.  
Varamedl. Audhild Lekva.

Hjørdis Ulriksen, Batalden.  
Varamedl. Rune Nilsen.

Løif Lange, Rognaldsvåg.  
Varamedl. Steinar Nøkkøy.

Torfinn Engebø, Svortøvik. - frå Naustdal Kommune.  
Varamedl. Harald Skjærli.

Kjøll Solvik, Ervik. - frå Førde Kommune.  
Varamedl. Sverre Mulen.

#### **1.5 FISKERINEMNDENE SI VERKSEMND.**

##### **BREMANGER:**

Fiskerinemnda i Bremanger hadde i meldingsåret 4 møter og handsama 25 saker. I 1985 handsama nemnda ialt 54 saker. Redusert saksmengde for nemnda i høve til året før har bakgrunn i særleg to forhold. For det første har Bremanger Kommune i meldingsåret ikkje sett det formålstjenleg å nytte fiskerinemnda som høyringsinstans for oppdrettssaker. For det andre at det i 1986 ikkje vart registrert innkomne søknader til Statens Fiskarbank om lån til nybygging av fiskefarty. Sidan rettleiingstenesta i fiskerinæringa vart etablert i kommunen i 1975, er 1986 det første året at ingen frå Bremanger søkte Statens Fiskarbank om lån til nybygg.

Av saker som fiskerinemnda gav uttale i var søknader til Statens Fiskarbank om mindre lån til fornying av flåten - søknader om kondemneringstilskot - skjellsandgraving - garantilott - hamneutbygging - lønsomhetsundersøking.

##### **FLORA:**

Fiskerinemnda i Flora hadde 5 møter og handsama 38 saker. Ein del rutinesaker og andre saker som vart handsama administrativt vart referert for nemnda.

Hovedtyngda av sakene var til Statens Fiskarbank i samband med lån til nybygg ( 7 søknader ) - kondemneringstilskot - og tilskot til arbeidsmiljøinvestering ombord i fiskebåten. Frå oppdrettsnæringa hadde nemnda 11 saker til vurdering. Dei fleste var konsesjonsøknader.

## 2.1 FISKARMANNTALET.

Sysselsatte i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1985 og 31.12.1986.

### Forklaring til tabellene

Aldersgrupper:

< 20 betyr f.o.m. 15 år - t.o.m. 19 år  
< 30 " " 20 " " 29 "  
< 40 " " 30 " " 39 "  
< 50 " " 40 " " 49 "  
< 60 " " 50 " " 59 "  
< 67 " " 60 " " 66 "  
< 70 " " 67 " " 69 "  
>>> " " 70 " og eldre

### BREMANGER 1985

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	4	9	16	23	11	25	89
Blad B	11	51	45	28	42	23	3	.	203
Totalt 1985									292

### BREMANGER 1986:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	1	5	9	16	24	13	28	96
Blad B	8	58	49	23	43	20	4	.	205
Totalt 1986									301

1986 blad A: 96 (+ 7)

1986 blad B: 205 (+ 2)

Som tabellen viser er talet på personer i Bremanger som har fiske som eineyrke omlag det same som året før. Talet aukar på blad A p.g.a. at eldre fiskarar går over til blad A når pensjonisttida starter. Gjennomsnittsalderen for dei som er ført på liste B er 40 år. I 1986 vart 21 personer tekne opp i manntalet, fordelt med 19 stk. på blad B og 2 på blad A.

### FISKARMANNTALET - FLORA KOMMUNE.

Sysselsatte i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1985 og 31.12.1986.

Forklaring til tabellane på side 4.

#### FLORA KOMMUNE 1985:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	3	2	8	11	5	7	36
Blad B	14	31	33	19	19	19	6	.	141
Totalt 1985									177

#### FLORA 1986:

	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	Totalt
Blad A	.	.	3	2	5	15	9	8	42
Blad B	9	36	33	23	18	17	1	2	139
Totalt 1986									181

1986 blad A: 42 (+ 6)

1986 blad B: 139 (- 2)

Tabellen viser at talet på personer som har fiske som eineyrke (blad B) går tilbake. Talet på biyrkesfiskarar aukar. Dei fleste på blad A er personar over 60 år som tidlegare hadde fiske som hovednæring.

Gjennomsnittsalderen for fiskarane på blad B i Flora er 39,8 år. I meldingsåret vart 16 personer tekne opp i manntalet, fordelt med 14 stk. på blad B og 2 på blad A.

### 3.1 FISKERELATEN.

Merkeregisterdata 1986.  
**BREMANGER KOMMUNE.**

Lengde i M.	Status pr.1.1.	Ant. fartøyer.		Status pr. 31.12.
		Avgang	Tilgang	
0,0 - 4,9 M.	4	0	0	4
5,0 - 9,9 M.	317	9	4	312
10,0 - 14,9 M.	27	1	1	27
15,0 - 19,9 M.	1	0	0	1
20,0 - 29,9 M.	2	0	0	2
Over 30 M.	5	0	0	5
-----				
Totalt:	356	10	5	351

=====

Fiskeflåten i Bremanger tel 8 farty over 20 m. Fartygruppa mellom 20 og 30 m. var svært stor før, men er no på veg heilt ut. Dei to siste, "Frøyabuen" og "Verning" har fått tilsegn om kondemneringsmidlar, og begge er gått i opplag for nedrigging og kondemnering. Det same er ringnotfartyet "Vitan". Ringnotflåten er konsesjonsbelagt på ein slik måte at kondemnerte ringnotfarty ikkje kan erstattast.

Merkeregisterdata 1986  
**FLORA KOMMUNE:**

Lengde i M.	Status pr.1.1.	Ant. fartøyer		Status pr.31.12.
		Avgang	Tilgang	
0,0 -4,9 m.	21	0	0	21
5,0 -9,9 m.	234	8	3	229
10,0-14,9 m.	15	1	1	15
15,0-19,9 m.	6	2	2	6
20,0-29,9 m.	3	2	0	1
Over 30 m.	2	1	0	1
-----				
Totalt:	281	14	6	273

=====

Også i Flora er fartygruppe mellom 20 og 30 m. på veg ut. Det er no att berre eitt farty - M/Kr."Hasting". Talet på sjarkar, dvs. farty frå 10 til 15 m. er det same som året før. Dei fleste sjarkane er nye moderne båter.

I meldingsåret vart ringnotsnurperen "Fiskebas" seld til utlandet. Reiarlaget har konsesjon/løyve til nybygg, og nytt farty er planlagt og vil komme. 2 nye moderne fiskefarty (ca.18m.) kom til Flora i 1986. 4 gamle båter vart kondemnert og senka i Brufjorden.

### 3.2 KONSESJONSBILDET FOR KOMMUNANE.

Talet på farty som har konsesjon / løyve for eit bestemt fiske:

	Trål	Ringnot	Brisling	Drivgarn laks
Bremanger	0	1	1	15
Flora	0	2	5	0

### 4.1 FISKEBEDRIETER:

	Fryseri m/foredl.	Mottakstasj. og pakking	Hørmotikk- fabrikk
Bremanger	2	3	0
Flora	1	2	1

Fiskeindustrien hadde stabile arbeidstilhøve i 1986. Råstofftilgangen var totalt sett, noko større enn året før, og det er særleg nordsjøsilda og oppdrettsfisken som sler positivt ut. Både ved Bremanger Fiskeindustri i Kalvåg, Bremanger Fryseri i Bremanger og ved Skaarfish / Florø Fryseri har det vore auka aktivitet i høve til 1985. Norway Foods-fabrikken i Florø kom i full gang med produksjon av sardiner etter råpakk-metoden. Den ombygde fabrikk starta prøveproduksjonen 20. januar, og er den einaste fabrikk i landet som lagar sardiner etter den nye metoden. Anlegget i Florø kan lage opp til 70.000 bokser dagleg, men normal dagsproduksjon ligg på 50.000-60.000 sardinboksar.

Råstofftilgangen frå kystfiskarane til dei mindre fiskemottaka er på vei nedover. Feilslege torskefiske er hovedårsak til nedgangen. Ei verksemnd i Flora og ei i Bremanger driv fiskemottak i kombinasjon med fiskeoppdrett. Dette er ein fornuftig kombinasjon som sikrar vidare drift av mottakstasjonane. Oppdrett og pakking av laks og aure gjev god lønsemnd, medan mottak av berre kystfisk utan at råstoffet vert vidareforedla gjev mindre økonomisk utbyte.

For kystfiskarane er det sær viktig at dei mindre fiskemottaka vert oppretthaldne.

#### 4.2 FISKEOPPDRETT.

For å drive med fiskeoppdrett må ein ha løyve/konsesjon. I Bremanger er det 7 konsesjoner for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøen. I Flora kommune er det 5. Dei fleste har konsesjon for 8000 m<sup>3</sup> merrevolum. Det vart utdelt 2 nye konsesjoner til kvar av kommunane i 1986. Av desse er 3 komne i drift, og den 4. har planlagt oppstarting til våren.

Vidare er det i Bremanger 9 anlegg som har konsesjon for ein årleg produksjon av tilsaman 1.790.000 stk. sjødyktig settefisk av laks og aure. I Flora er det 6 anlegg med konsesjon for ein årleg produksjon av 1.205.000 stk. settefisk.

Oppdrettsnæringa er i sterk utvikling og vekst i begge kommunane.

Oversikt over leveranser av laks og aure frå oppdrettsanlegg i Bremanger og Flora i 1985 og 1986.

		Ant. anlegg	Laks kg.	Aure kg	Verdi Kroner
Bremanger	1985	4	655.700	240.700	37.300.000
Bremanger	1986	5	844.919	191.894	37.296.407
Flora	1985	3	106.500	157.400	9.000.000
Flora	1986	3	299.351	50.977	12.239.154

Data henta frå Fiskeoppdretternes Salgslag.

Ein manglar oversikt over setjefiskproduksjonen i kommunane.

Sjølvs om prisane på laks og aure i 1986 gjekk ned i høve til året før, hadde oppdrettarane i dei 2 kommunane eit økonomisk godt år. Ein unngjekk dei heilt store sjukdomsutslaga som har dukka opp både nord og sør for vårt distrikt. Likevel er sjukdom på fisken eit problem for dei fleste, og som elles i landet er mangelfull veterinærteneste eit sagn.

Også 1986 var det for låg tilgang på setjefisk av tilfredstillande kvalitet, men dette problemet kan ein no rekna som løyst, i og med at det i 1987 er venta sterk produksjonsauke av setjefisk både i Flora og Bremanger.



## FISKET 1986.

Torskéfiske på Bremangerpollen og elles i distriktet vart svært dårleg i 1986. Dei mellomstore fartya frå Bremanger og Flora som i vintersesongen dreiv torskéfiske i Lofoten hadde god sesong. Kystfiske med liner og garn etter lange og brosme gav brukbart utbytte då prisane steig utover året. Banklinebåtane hadde eit godt år.

Makrellfisket var omtrent som året før - brukbart. Seigarnsfisket var svært dårleg, likeweis pigghåfisket i Nordsjøen.

Småseifisket med not svikta heilt i året og det vart heller ikkje fiska sild sør for Klovningen. Brislingfisket var det dårlegaste på mange år. Sjølv om totalkvoten for norsk vårgytande sild (storsild) auka, vart prisane lavare, og auken i båtkvotane gjekk omlag opp i opp med prisnedgangen.

Ringnotbåtane hadde eit vanskeleg år, med sterke reguleringar, lave prisar og lite kvantum.

I det store og heile kan 1986 oppsummerast som eit varierende driftsår for fiskarane. Mange har gjort det bra, andre har det gått dårlegare med, alt etter driftsform og båtstorleik.

Investeringsaktiviteten i kystflåten varierer i takt med lønsemnda. I høve til dei seinare år var det i meldingsåret få søknader til Statens Fiskarbank om lån til nybygg, men det var interesse for lån til ombygging og til moderniseringt av farty og utstyr.

**OPPDRETTSKONSESJONER I BREMANGER KOMMUNE.**

**LAKS OG AURE:**

SF/b 2	K. Strømmen Lakseoppdrett, Rugsund	8000	m3
SF/b 3	Davik Fiskefarm, Davik	6000	m3
SF/b 4	Smørhamn Fiskefarm, Bremanger	8000	"
SF/b 9	Frøylaks A/s, Kalvåg	8000	"
SF/b 10	Hennøy Laks A/s, Berle	5000	"
SF/b 14	IGA FISK A/s, Rugsund	8000	"
SF/b 15	Bremanger Fryseri A/s, Bremanger	8000	"

**SETTEFISKKONSESJONER I BREMANGER:**

SF/b 2	K. Strømmen, Rugsund	90.000	stk.	
SF/b 3	Davik Fiskefarm A/s	100.000	"	
SF/b 5	Peder Bakke (Dalen + Rylaand)	300.000	"	
SF/b 6	Hennøylaks A/S, Berle	25.000	"	
SF/b 7	Ålfoten Klekkeri og Settefisk.A/S	500.000	"	
SF/b 8	Endal Settefisk A/S, Davik	150.000	"	
SF/b 11	Solbøfisk, Rugsund	75.000	"	
SF/b 12	Bortne Settefisk	50.000	"	
SF/b 13	Botnane Fiskeoppdrett A/S	500.000	"	
SF/b 16	Førdefisk A/s, Ålfoten	300.000	"	23/4.87
SF/b 17	Leirafisk A/s, Leirgulen	200.000	"	22/4.87

**OPPDRETTSKONSESJONER I FLORA**

**LAKS OG AURE:**

SF/f 1	E. Karstensen Fiskeoppdrett, Batalden	8000	m3
SF/f 3	Svanøy Stiftelse, Svanøy	8000	"
SF/f 5	Rognaldsvåg Fiskemottak	8000	"
SF/f 6	Steinvik Fiskeoppdrett A/S, Eikefjord	8000	"
SF/f 7	Mare Havbruk A/S, Svanøy	8000	"

**SETTEFISKKONSESJONER I FLORA:**

SF/f 2	Osen Klekkeri og Settefisk	35.000	stk.
SF/f 3	Svanøy Stiftelse	20.000	"
SF/f 10	Svanøy Stiftelse	100.000	"
SF/f 4	Bru Fiskeoppdrett A/s, Eikefjord	150.000	"
SF/f 8	Haukå Settefisk A/s	500.000	"
SF/f 9	Firda Settefisk A/s	400.000	"

**LØVE TIL OPPDRETT AV TORSK - FLORA KOMMUNE:**

Eikefjord Fiskeoppdrett, Eikefjord	1000	m3	23/4.87
Lillevik Fiskeoppdrett, "	1000	"	3/4.87

**LØVE TIL YNGELPRODUKSJON AV TORSK OG KVEITE, FLORA KOMMUNE;**

Trygve Strømmen, Florø.	250.000	stk. yngel/settefisk.	7/8.87
-------------------------	---------	-----------------------	--------